
Saksnr: 2022/7576-102
Saksbehandlar: Matti Torgersen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		24.05.2022
Fylkesutvalet		01.06.2022
Fylkestinget		21.06.2022

Regional transportplan 2022-2033 - Investeringar

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget sluttar seg til Handlingsprogram RTP-Investeringar slik det ligg føre, og legg denne til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 fram mot fylkestinget i desember 2022. Handlingsprogrammet skal vere eit grunnlag for porteføljestyring, og skal rullerast årleg.
2. For å innfri mål og strategiar i Regional transportplan, legg fylkestinget til grunn slik fordeling av rammeløyvingar til vegføremål i kvar økonomiplanperiode.

Område/løyving	Økonomiplanperiode
Bru og kai	800 mill. kr
Tunneloppgradering	800 mill. kr
Planprogram	200 mill. kr
Trafikktryggleik/ mindre utbetringar	800 mill. kr
Samfinansiering	100 mill. kr
Strekingsvise prosjekt	800 mill. kr
Mjuke trafikantar	600 mill. kr
Veg- og infrastrukturiltak for kollektiv	100 mill. kr
Sum	4 200 mill. kr

3. Fylkestinget legg til grunn at fleire prosjekt har behov for nedskalering og gjennomgang med sikte på å få meir veg for pengane, og ber fylkesdirektøren arbeide vidare med sikte på å realisere ein større del av prosjektporteføljen.

4. For økonomiplanperioden 2023-2026 legg fylkestinget til grunn at det ikkje let seg gjere å få fram plangrunnlag for strekningsvise prosjekt i tråd med målsetjingane, jf. punkt 3, og legg til grunn 400 mill. kr til føremålet i perioden. Fylkestinget prioriterer realisering av fv. 548 Skånevik - Nesvågen i Etne kommune som nytt vegprosjekt i økonomiplanperioden 2023-2026.
5. Fylkestinget prioriterer fv. 609 Heilevang i Askvoll og Sunnfjord kommunar for oppstart med skredsikringsmidlar i 2023. Det vert arbeidd vidare med regulering og finansieringsløyning for fv. 49 Tokagjelet i Kvam herad og Samnanger kommune. På grunnlag av det pågåande arbeidet med Nasjonal gjennomføringsplan for ras- og skredsikring ber fylkestinget fylkesdirektøren kome tilbake til vidare prioriteringar av skredprosjekt i dei årlege rulleringane av handlingsprogrammet.
6. Fylkestinget er positiv til samfinansiering av prosjekt, og ber om ei eiga sak om rammer for samfinansieringsprosjekt.
7. Endeleg vedtak om oppstart av prosjekt vert gjort gjennom oppstartsvedtak i fylkestinget, og budsjettmidlar vert løyvd i dei årlege budsjett- og økonomiplanane i desember kvart år.

Samandrag

Handlingsprogram Regional transportplan - Investeringar skal vere eit strategisk verktøy for å fastsetje kva prosjekt som er aktuelle for igangsetjing og kva for prosjekt som skal planleggjast vidare. Den skal innarbeidast som del av det årlege rullerande handlingsprogrammet til Regional transportplan. Dokumentet føreslår fordeling av midlar til rammeløyvingar for ulike tiltak, og kjem med framlegg til portefølje av prosjekt der det vert teke sikte på oppstart i komande økonomiplanperiode 2023-2026, og prosjekt som det vert arbeidd vidare med sikte på realisering seinare i planperioden fram mot 2033. Det er ikkje gjort konkrete vurderingar av bompengefinansiering av mogleg prosjekt. Det blir arbeidd vidare med ulike finansieringsløyningar.

Som grunnlag for prioriteringane er det utvikla eit opplegg for kriterium for prioriteringar basert på mål og strategiar som er vedtatt i Regional transportplan. Fylkeskommunen har tronge økonomiske rammer til drift, vedlikehald og investering. Det er føreslått ein vidare gjennomgang av fleire prosjekt med sikte på å få meir veg for pengane, og for å skalere ned prosjekta. Det er føreslått eit prioriterings- og porteføljestyresystem.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Dina Lefdal
avdelingsdirektør
infrastruktur og veg

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

1. Bakgrunn

Fylkestinget vedtok Regional transportplan 2022-2033 for Vestland med handlingsprogram 15. desember 2021 (sak 135/2021). Punkt 2 og 3 i vedtaket vart:

2. «Fylkestinget sluttar seg til at investeringsprogrammet skal innarbeidast i handlingsprogrammet for Regional transportplan 2022-2033 og vert lagt fram for handsaming i fylkestinget i juni 2022. Fylkestinget ber om at investeringsprogrammet vert sendt til kommunane for innspel før endeleg vedtak.
3. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg med første rullering i juni 2023.»

Denne saka følgjer opp dette vedtaket.

I RS-sak 6/2022 12. januar 2022 vart det lagt opp til at det skulle utarbeidast eit økonomisk handlingsprogram der investeringsprogrammet inngår. Føremålet vart å synleggjere det økonomiske handlingsrommet innan samferdselsområdet dei komande åra, og gje eit oversyn over tilgjengelege midlar opp mot dei samla utfordringane innanfor investering, vedlikehald og drift for veg- og kollektivområdet.

I RS-sak 16/2022 16. februar 2022 vart det lagt fram eit utkast til økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram til utsending til innspel frå kommunane. Utkastet vart sendt ut 18. februar 2022 med frist 1. april 2022. Sjølv om dette berre vart sendt ut til kommunane, vart det også opplyst på nettsidene til fylkeskommunen at også andre kunne kome med innspel.

Fylkesdirektøren har no lagt vekt på å leggje fram ei sak om framtidige investeringar innan samferdselssektoren, og har valt å kalle dokumentet for Handlingsprogram RTP - Investeringar. Dette for å skilje det ut i frå det endelege rullerande investeringsprogrammet som vedtakast som del av dei årlege budsjett- og økonomiplanen, og samstundes få fram at dette dokumentet skal inngå som del av det årlege rullerande handlingsprogrammet til Regional transportplan.

Regional transportplan – Investeringar er eit strategisk dokument som ut i frå føringane i Regional transportplan tek sikte på å avklare to forhold:

- Kor mykje midlar som skal avsetjast til rammeløyvingar for ulike tiltak.
- Prioriterings- og porteføljestyringssystem
- Porteføljen av prosjekt som det vert arbeidd vidare med.

I investeringsprogrammet til Budsjett 2022 og økonomiplan 2022-25 vart det avsett ei ufordelt ramme til ordinære prosjekt på 2 863,4 mill. kr og ei ramme til skredsikringsprosjekt på 1 860 mill. kr.

Fylkesdirektøren føreslår no fordeling av dei ufordelte midlane i gjeldande investeringsprogram, samt fordeling i neste økonomiplanperiode 2023-2026. Vidare omtalar saka prosjekt som fylkesdirektøren føreslår at det vert arbeidd vidare med for mogleg realisering seinare i planperioden fram mot 2033.

Framlegg til Handlingsprogram RTP-Investeringar følgjer vedlagt.

2. Innspelsrunde

Økonomisk handlingsprogram og investeringsprogram vart sendt ut til kommunen 18. februar 2022. Sjølv om ikkje andre vart formelt inviterte, har det gjennom internett vore opplyst om at det også har vore opning for andre å kome med innspel.

Det er kome inn 73 innspel, av dette 39 frå kommunar, 24 frå lag og organisasjonar og 10 frå privatpersonar. Innspela ligg på [Regional transportplan – kva samferdsletiltak skal prioriterast? - Vestland fylkeskommune](#). Dei er samanfatta og kommentert i eit eige vedlegg som følgjer denne saka.

Oversyn over gjeldande investeringsprogram

I gjeldande økonomiplanperiode 2022-2025 er det avsett om lag 15,9 mrd. kr til investeringstiltak innan samferdsel.

Handlingsprogram RTP - Investeringar gir eit kortfatta oversyn over planlagde og pågåande investeringar innan samferdselsområdet i gjeldande økonomiplanperiode.

Dei ulike områda er omtalt under.

Miljøløftet

Det er avsett om lag 4 244 mill. kr til tiltak innan Miljøløftet, dels til Bybanen byggjetrinn 4 og 5, samt til Infrastruktur- og vegprosjekt i Miljøløftet. Handlingsprogrammet til Miljøløftet går som eiga sak parallelt til denne saka til fylkestinget i juni 2022. Denne saka fastsett prioritering av prosjekt i neste 4-årsperiode i Miljøløftet. I vedlagte Handlingsprogram RTP – Investeringar er det gitt eit oversyn over prosjekt som finansierast gjennom Miljøløftet. Vidare er det utarbeida framlegg til prioritert prosjektportefølje som kan inngå i komande rulleringar av dokumentet.

Veg- og bompengepakkar utanom Bergen

Det er i gjeldande økonomiplanperiode avsett 2 887,7 mill. kr til prosjekt gjennom veg- og bompengepakkar. Dette gjeld følgjande pakker:

- Askøypakken
- Nordhordlandspakken
- Førdepakken
- Haugalandspakken

Det er i tillegg avsett midlar til Austevollpakken, som er eit spleiselag med kommunen, og ikkje ein bompengepakke.

Revidert Bømlopakke vart godkjent av Stortinget i desember 2021, og vert innarbeidd i komande budsjett- og økonomiplan. Regjeringa har fremja bompengeproposisjonar for forlenga Askøypakke og for Kvinnheradpakken. Om Stortinget vedtek desse pakkene før sommaren 2022, vert også desse pakkane innarbeidd i komande budsjett- og økonomiplan. Det vert også gjennomført eit forstudie for ein mogleg bompengepakke på fv. 47 Haukås-Førland i samarbeid med Rogaland fylkeskommune som del av arbeid med nye bompengepakkar på Haugalandet.

Vedlagte utkast til Regional transportplan – Investeringar, inneheld oversyn over prosjekt som vert finansierte gjennom desse pakkane.

Skredsikring

Det er sett av 2 459,4 mill. kr til skredsikringstiltak i gjeldande økonomiplanperiode. I 2022 får Vestland fylkeskommune litt over 435 mill. kr til særskild fordeling til ras- og skredsikringstiltak på fylkesveg gjennom inntektssystemet til fylkeskommunane. Det er lagt til grunn at det vert sett av 100 mill. kr årleg til mindre skredsikringstiltak. Midlar ut over dette går til større prosjekt.

Vedlagte utkast til Regional transportplan - Investeringar inneheld framlegg til prioritingsliste for skredsikringsprosjekt med 7 prioriterte store prosjekt.

Fylkesdirektøren viser elles til at Stortinget, under handsaminga av Nasjonal transportplan 2022-2033, vedtok at det skal utarbeidast ein nasjonal skredsikringsplan. Vidare har Regjeringa i Hurdalsplattformen varsla ein nasjonal gjennomføringsplan for alle prosjekt på riks- og fylkesveg med skredfaktor høg og middels, i samarbeid med fylkeskommunane.

Fylkesdirektøren har framlegg til å starte opp tunnel på fv. 609 Heilevang og fv. 49 Tokagelet i økonomiplanperioden, og at det vert arbeidd vidare med 5 andre skredsikringsprosjekt. Fylkesdirektøren rår til å vente med vidare prioritering av midlar til skredsikring til staten har kome lenger i arbeidet med nasjonal gjennomføringsplan for skred.

Kollektivtiltak

Løyvingar til opparbeiding og utbetringar av bygningar og bussanlegg samt midlar til investeringar i betalingsløysingar, sanntidssystem og andre digitaliseringsprosjekt vert føreslått vidareførte.

Det er starta opp eit arbeid med å vurdere behovet for kollektivterminalar og kollektivdepot frametter. På grunnlag av dette utgreiingsarbeidet vil fylkesdirektøren kome tilbake til investeringsbehov knytt til dette i framtidige rulleringar av handlingsprogram til RTP.

Diverse tiltak fylkesvegområdet

Diverse tiltak fylkesvegområdet er i denne samanheng tiltak på fylkesvegnettet med unntak av bom- og vegprosjekt, rassikring og Miljøløftet. Dette er dels samleløyvingar til ulike tiltak, og til prosjekt. Det er gjort ei avgrensing om at prosjekt over 50 mill. kr skal ha eiga line i investeringsprogrammet, mens mindre prosjekt finansierast gjennom samleløyvingar.

Fylkesdirektøren har lagt vekt på å følgje opp mål og strategiar innan Regional transportplan 2022-2033, og meiner det er behov for å utarbeide tentative rammer for kor store rammeløyvingane bør vere. Rammene er meint som eit gjennomsnitt over tid, og kan variere noko mellom år. Dei årlege rulleringane av handlingsprogram for Regional transportplan og dei årlege budsjett- og økonomiplanane må ta endeleg stilling til rammene ut i frå samla rammer til sektoren og samla behov. Dei tentative rammene bør likevel vere eit styringsmål i budsjettarbeidet.

Det som er igjen etter at desse midlane er prioriterte, vil kunne gå til andre prosjekt, først og fremst til veg- og kollektivprosjekt.

Område/løyving	Årlege løyvingar	Økonomiplan-perioden
Bru og kai	200 mill. kr	800 mill. kr
Tunneloppgradering	200 mill. kr	800 mill. kr
Planprogram	50 mill. kr	200 mill. kr
Trafikktryggleik/ mindre utbetringar	200 mill. kr	800 mill. kr
Samfinansiering	25 mill. kr	100 mill. kr
Strekningvisse utbetringar	200 mill. kr	800 mill. kr
Mjuke trafikantar	150 mill. kr	600 mill. kr
Veg- og infrastrukturtiltak for kollektiv	25 mill. kr	100 mill. kr
Sum	1 050 mill. kr	4 200 mill. kr

Bru og kai: Tilstanden på mange av bruene i fylket er kritisk med tanke på å sikre framkome og bereevne. Også fleire ferjekaiar er i ein kritisk tilstand. Det vil etter fylkesdirektøren si vurdering vere behov for ei betydeleg satsing på desse områda for å sikre framkome og for å unngå ytterlegare forfall. Det er utarbeida prioriteringslister i ei rekkjefølgje for hhv. bru og kai. Prioriteringane er gjorde ut i frå tilgjengeleg kapasitet på fagressursar, og behova er langt større enn dette.

Tunnel: Fylkeskommunen mottok i inneverande år 123 mill. kr gjennom inntektssystemet til fylkeskommunane til særskild fordeling for kompensasjon for tunneltryggleiksforskrifta for fylkesveg. Med 200 mill. kr årleg vil det også vere mogleg å gjere andre tiltak som det er store behov for i dei tunnelane som rehabiliterast etter forskrifta. Det er også eit stort behov for tiltak i tunnelar som ikkje er omfatta av forskrifta, og fylkesdirektøren vurderer desse tunnelane nærare. Med dette løyvingsnivået vil fylkeskommunen ikkje nå kravet i forskrifta om at alle tunellar skal vere oppgradert etter forskrifta innan utgangen av 2031. Fylkesdirektøren ser behov for noko lenger tid for å utarbeide prioriteringslister innan tunell, og kjem tilbake til dette.

Planprogram: I det faglege grunnlaget «Meir veg for pengane» er det vist til at det er mest å hente på tiltak så tidleg som mogleg i planleggingsprosessen. Vidare er det vist at grunnundersøkingar tidleg i planfasen kan gje betre oversyn over kostnadene tidleg, og dermed kunne redusere risikoen for store kostnadsoverskridingar. Fylkesdirektøren rår på dette grunnlag å avsetje meir midlar til planlegging enn tidlegare, og meiner dette vil bidra til å redusere dei samla kostnadene for prosjekta.

Trafikktryggleik/mindre utbetringar: Innan rammeløyving til mindre utbetringar inngår mellom anna mindre tiltak, punktutbetringstiltak, forsterkingstiltak og prosjektering av framtidige tiltak for prosjekt som er under 50 mill. kr. Tiltak innafor kategorien trafikktryggingstiltak er mellom anna knytt til fartsregulering og sikring av kryssingspunkt, fortau/ gang- og sykkelveg og tiltak for å hindre utforkøyringsulukker. Det er eit stort behov for å avsetje midlar til mindre tiltak for å sikre framkome og hindre ytterlegare forfall på vegnettet. Mange mindre tiltak vil gje stor effekt for framkome og trafikktryggleik. Det er difor etter fylkesdirektøren si meining behov for ei betydeleg økonomisk ramme til denne typen tiltak.

Strekningvise prosjekt: Regional transportplan 2022-2033 viser til strekningsvise utgreiingar som ein arbeidsmetodikk for å samanstillе behova langs heile strekningar i staden for enkeltprosjekt. Desse skal gi ei skildring av utvalde ruter, samt gi eit samla oversyn over utfordringar på strekninga. Dei strekningsvise utgreiingane skal liggje til grunn for prioritering av planlegging, investeringstiltak, standardheving og vedlikehald på fylkesvegar i funksjonsklasse B-vegnett (vegar med regional funksjon og overordna betydning). Det er gjennomført strekningsvise utgreiingar for 8 utvalde regionale hovudvegar som bind fylket i saman, og midlane er føreslått øyremerkte til utbetringar på desse strekningane.

Samfinansiering: Fylkesdirektøren rår til at det vert avsett 25 mill. kr årleg til samfinansiering av prosjekt med kommunar og andre. Midlane skal nyttast til mindre prosjekt der andre går inn med bidrag. Fylkesdirektøren tek sikte på å kome tilbake til eiga sak til fylkestinget i september med retningsliner for ei slik ordning.

Mjuka trafikantar: Midlane skal følgje opp Strategi for mjuka trafikantar som er fylkeskommunen sitt strategiske dokument for å nå målet om at fleire skal velje å gå eller sykle i fylket. Det blir føreslått ein ambisjon om to nye større gang- og sykkeltiltak årleg utanom Bergensområdet som eit tiltak for å kunne prioritere sentrale tiltak for mjuka trafikantar, i tillegg til at delar av løyvinga kan gå til mindre tiltak for å leggje til rette for mjuka trafikantar.

Kollektivtiltak: Det er føreslått å vidareføre midlar til mindre veg- og infrastrukturtiltak for kollektiv med fokus på oppgradering av haldeplassar, universell utforming og framkome for kollektivtrafikken.

Prosjekt

Det er utarbeida framlegg til prioriteringslister for prosjekt over 50 mill. kr. Med dette legg fylkesdirektøren opp til at det skal byggjast opp ei prioritert langsiktig prosjektportefølje.

Prosjekta er oppgitt med eit kostnadsspenn, då det er stor usikkerheit for kostnadene for prosjekta på dette stadiet.

Prosjektporteføljen er basert på føringar i Regional transportplan. Det er i vedlagte utkast til Regional transportplan 2022-2033 – Investeringar, utarbeida eit kriteriebasert system for å vurdere prosjekt ut i frå mål og strategiar i Regional transportplan 2022-2033.

Det er grunn til å peike på at med dagens rammer vil det ikkje vere mogleg å realisere alle dei omtalte prosjekta i dokumentet. Listene må difor forståast som eit oversyn over aktuelle prosjekt som vert vurdert vidare i dei årlege handlingsprogramma gjennom eit porteføljestyringssystem. Dei er ikkje prioriterte i tid. Kva for prosjekt som er aktuelle for realisering vert vurdert årleg i handlingsprogrammet til Regional transportplan, særleg basert på følgjande forhold:

- Måloppnåing i forhold til Regional transportplan 2022-2033
- Planstatus og prosjekta si modenheit
- Samla rammer til sektoren
- Prosjektkostnader og finansieringsmoglegheiter for prosjekta
- Andre forhold som gjer at prosjektet bør prioriterast, t.d. avhengigheit i forhold til statlege og kommunale prosjekt, samt til andre fylkeskommunale prosjekt i nærleiken

Det årleg rullerande handlingsprogrammet gjer ei vurdering av prosjektporteføljen med omsyn til dei nemnte kriteria. Det vil kunne vere prosjekt som vert teke ut av listene grunna at dei ikkje lenger når opp i prioriteringane. Fleire prosjekt treng ein gjennomgang for å vurdere om det er mogleg å

redusere kostnadene ut i frå tilrådingane i det faglege grunnlaget Meir veg for pengane eller redusere omfanget av tiltaka. Vidare skal det gjennomførast ein del utgreiingsarbeid, m.a. knytt til depot og terminalar for kollektivtrafikk som gjer at nye prosjekt kan kome inn på listene. Nye prosjekt kan også kome inn på listene grunna endra føresetnader, t.d. knytt til fare for brot på veglenkjer og prosjekt som har avhengigheiter til statlege prosjekt. Det er også føreslått å arbeide vidare med å få på plass samfinansieringsprosjekt med kommunar og andre.

Framdrifta for planprosessane er særleg sentral, og i mange tilfelle tek det tid å få planavklart prosjekt grunna t.d. konflikhtar, uføresette forhold som oppdagast i planprosessen, manglande planressursar osv. I det faglege grunnlaget «Meir veg for pengane» er det lagt vekt på at det er størst moglegheit for å påverke løysingane, og med dette kunne redusere kostnadene, tidleg i eit prosjekt.

Prosjekta skal i tillegg støtte opp om ein regional balanse slik at alle delar av fylket skal ha moglegheit for vekst og utvikling.

Økonomiske rammer for økonomiplanperioden 2023-2026.

Finansutvalet gjorde slikt vedtak 8. mars 2022 (sak 2/2022):

«Finansutvalet tek til orientering Fylkesdirektøren si innstilling til øvre grense for auke i lånegjeld.

Finansutvalet vil komma tilbake til endeleg nivå etter handsaming av RTP».

Fylkesdirektøren har lagt til grunn at rammene for 2023-2026 vert reduserte med 600 mill. kr (inkl. mva. svarar det til om lag 750 mill. kr) i forhold til rammene i gjeldande økonomiplan 2022-2025.

Dette er gjort for å kunne hindre for stor auke i fylkeskommunen si gjeldsgrad. I gjeldande økonomiplan (2022-25) vart fylkeskommunen si gjeldsgrad rekna å gå frå 100 % i 2022 til 115 % i 2025. I arbeidsdokument 2/2022, til finansutvalet sitt møte i juni, er det presentert eit opplegg som endar med ein gjeldsgrad på om lag 109 % i 2026. Dette føreset reduksjonar i investeringsrammene både for veg, kollektiv og eigedom.

Fylkeskommunen sine driftsinntekter er venta å gå frå ca. 16,5 mrd. kr i 2023 til nær 18 mrd. kr i 2026. Ei endring i ramma til investeringar på t.d. 600 mill. kr (eks. mva.) vil endre gjeldsgraden med 3,3 prosentpoeng mot slutten av økonomiplanperioden. Fylkestinget har vedteke, som eit av fleire finansielle måltal, at gjeldsgraden maksimalt skal vere 115%.

Auke i rente- og avdragsutgiftene som auka lånegjeld medfører, gjer at renter og avdrag vil ta ein større og aukande del av driftsutgiftene. Det vert dermed mindre att til dei sektorvise driftsutgiftene. Utan sterk vekst i inntektene, må det dermed årlege driftsreduksjonar til for å få plass til dei aukande rente- og avdragsutgiftene.

Ein reduksjon i rammene må takast innafor Andre tiltak fylkesveg, då det ligg bindingar på bruken av dei andre midlane som bompengar, Miljøløftet og skredsikringsmidlar. I gjeldande økonomiplan er Andre tiltak fylkesveg på i overkant av 5 800 mill. kr. Reduksjonen inneberer at nye rammer vert i overkant av 5 000 mill. kr.

Det er i dette dokumentet ikkje gjort vurderingar av mogleg bompengefinansiering av konkrete prosjekt, og det må arbeidast vidare med finansieringsløysingar. Fylkesdirektøren viser til RS-sak 34/2022 til Hovudutval for samferdsel og mobilitet 25. april 2022 Moglege bompengebidrag og ulikt trafikkgrunnlag, sjå [Moglege bompengebidrag og ulikt trafikkgrunnlag.PDF](#).

Det er lagt opp til at desse rammene skal finansiere følgjande:

- Bindingar på påbegynte prosjekt, anslagsvis litt over 900 mill. kr.
- Rammeløyvingar til ulike tiltak, jf. ovanfor 4 200 mill. kr.
- Det er behov for avsetning i perioden til anna, fyrst og fremst refusjonar og grunnerverv, totalt 200 mill. kr.
- Grunna manglande planavklaring vil det ikkje vere grunnlag for å kome opp i 800 mill. kr. til strekningsvise prosjekt i første periode. Det blir lagt til grunn 400 mill. kr. i denne perioden.

Med dette vert det følgjande til nye prosjekt:

	Mill. kr.
Rammer perioden 2022-2025	5 800
- Bindingar pågåande prosjekt	900
- Avsetjing til rammeløyvingar	4 200
- Avsetjing til andre tiltak (refusjonar og grunnnerverv)	200
- Reduksjon i rammer (inkl mva)	750
+ Reduksjon i rammene til strekningsvise prosjekt	400
= Til disposisjon for nye vegprosjekt	150

I vedlegga til saka vert det nytta avrunda tal.

Fylkesdirektøren rår til at prosjektet fv. 548 Skånevik-Nesvågen vert prioritert innan gjenstående ramme til Nye vegprosjekt.

Det er lagt til grunn at følgjande prosjekt kan startast opp i økonomiplanperioden 2023-2026:

Vegnr	Kommune	Prosjekt	Kostnad i mill. kr	Type prosjekt
79	Kvam	Øystese-Laupsa	40-80	Mjuka trafikantar
567	Osterøy	Loftås-Hauge	90-130	Mjuka trafikantar
611	Kinn	Eikefjord-Sunnarvik (del 1)	10-30	Mjuka trafikantar
5402	Voss	Ringheimsvegen	50-100	Mjuka trafikantar
615	Gloppen	Sandane-Fitje (del 1)	45-105	Mjuka trafikantar
271	Lærdal	Sjukhusvegen	80-150	Mjuka trafikantar
609	Askvoll/ Sunnfjord	Heilevang	790- 1 050	Skred
49	Kvam/ Samnanger	Tokagjelet	2 200- 2 700	Skred
57	Fjaler	Strandanes-Nistadlia		Strekningvise
57	Alver/ Austrheim	Lindås tettstad- Mongstad (del 1)	Må vurderast nærare	Strekningvise
79	Kvam-Voss	Granvin-Øystese (punkttiltak)	Ikkje kalkulert	Strekningvise
500	Kvinnherad	Austrepollen-Årsnes (delstrekning)	40-50	Strekningvise
55	Luster	Høyheim-Nes	95-220	Strekningvise
548	Etne	Skånevik-Nesvågen	100-140	Veg
616	Bremanger	Hamrøy	30-50	Bru
616	Bremanger	Oldersund	50-80	Bru
5222	Øygarden	Tofterøy	11-19	Bru
570	Masfjorden	Risnes bru	95-155	Ny bru
565	Alver	Alverstraumen	380-630	Ny bru
5591	Solund	Røldalsfjord	42-70	Bru
571	Masfjorden	Mollandseid	45-65	Bru

Det er vidare føreslått fleire mindre tiltak på ferjekai og hurtigbåtkai. Fylkesdirektøren vil kome tilbake til prioriteringar innan tunneloppgradering.

Dei prosjekta som har prioritert utover den ramma fylkesdirektøren har føreslått, er:

Vegnr	Kommune	Prosjekt	Kostnad i mill. kr	Type prosjekt
560	Øygarden	Hammarsland-Eide	350-500	Veg
	Askvoll	Atløysambandet	950-1 170	Veg
5402	Voss	Bavallsvegen	160-250	Veg
560	Øygarden	Trengereidkrysset - Hammarsland	120-160	Veg
5184	Bergen	Grimstadvegen	200-300	Veg

Av desse prosjekta, rår fylkesdirektøren til å prioritere fv. 560 Hammarsland-Eide først. Dei tre sistnemnde prosjekta føreset samfinansiering knytt til rekkjefølgjekrav som vil dekkje delar av dei oppgjevne kostnadene.

Vedtakskompetanse

Saka er ein del av handlingsprogrammet for Regional transportplan 2022-2033. Etter delegeringsreglementet for fylkestinget pkt. 2.1.1. vedtek fylkestinget handlingsprogram for regionale planar.

Vurderingar og verknader

Fylkesdirektøren vil særleg framheve at ut i frå føringane i Regional transportplan er det eit stort behov for å avsetje midlar til fleire rammeløyvingar. Det er lagt vekt på å redusere forfallet innan bru og kai, der det er særlege kritiske behov for å sikre framkome og for å redusere forfallet. Det er også behov for ei satsing på mindre tiltak for både å kunne gjere mindre trafikktryggleikstiltak som kan ha stor effekt, og for å kunne fjerne mindre flaskehalsar og for å utbetre punkt der forfallet er særleg kritisk. Slike mindre tiltak vil kunne ha stor effekt.

Fylkesrådmannen føreslår også at det er eit ambisjonsnivå om å kunne starte opp to større gang- og sykkelprosjekt utanom Miljøloft-kommunane i åra frametter, og føreslår at det avsetjast ein ramme til slike tiltak som er i tråd med dette.

Innan veginvesteringar føreslår fylkesdirektøren ei eiga løyving til strekningsvise utbetringar på 8 nye vegar. Med dette tek fylkesdirektøren sikte på at det vert ein klar prioritering med sikte på ein gjennomgåande standard av regionale hovudvegar som i særleg grad bind fylket saman.

Det er utarbeida eit eiga prioriteringssystem for prosjekt, og fylkesdirektøren legg opp til å vidareutvikle prioriteringssystemet, og har innleia eit samarbeide med Nye veier om dette.

Det er lagt vekt på å utarbeide ein prosjektportefølje, og vurdere kva for prosjekt som kan startast opp etter eit porteføljestyringssystem. Det er avgrensa med midlar til nye større prosjekt i åra frametter. Innspelsrunda med kommunane viser store behov i heile fylket. Fylkesdirektøren vil peike på at det med dagens rammer og store behov vil det vere særst utfordrande å få realisert store prosjekt som medfører heilt nye vegliner og tilbod. Ut i frå føringane i Regional transportplan er det lagt vekt på å bruke mest mogleg av dagens vegliner, og utbetre denne til ein tilfredsstillande standard.

Det er vidare, etter fylkesdirektøren si vurdering, særleg behov for å vurdere standardval for fleire av prosjekta som enten er regulerte, er i ein reguleringsplanfase eller der det ligg føre forprosjekt. Vidare vil fleire prosjekt krevje samfinansiering med andre enten gjennom rekkjefølgjekrav eller spleiselag for å kunne realiserast. Bompengefinansiering vil også kunne vere aktuelt der det er trafikalt grunnlag for dette. Fleire av dei planlagde prosjekta har høge kostnader, og det er behov for å skalere ned prosjekta i tråd med prinsippa frå Meir veg for pengane for å kunne realisere prosjekta.

Fylkesdirektøren har ut i frå dette ikkje utarbeida ein fullstendig prioriteringsliste i ein rekkjefølgje for vegprosjekt over tid, då det er behov for avklaringar nemnt ovanfor. For gang- og sykkelprosjekt og bru og kai er det gjort ei prioritering i tid.

Fylkesdirektøren tek sikte på å arbeide vidare med den føreslegne prosjektporteføljen. Med dagens økonomiske rammer vil det ikkje vere mogleg å realisere alle prosjekta på prioriteringslistene, og det vil vere behov frametter for å vurdere kritisk kva for prosjekt som vert realisert.

Gjennom skredsikringsmidlar vil det vere grunnlag for å gjennomføre nokre større prosjekt i perioden. Også her er dagens rammer for små til å kunne realisere alle prosjekta som ligg i prioriteringslistene. Fylkesdirektøren vil rå til at det vert arbeidd vidare med dei 7 store prosjekta som er føreslått i vedlagte Regional transportplan 2022-2033 – Investeringar. Fylkesdirektøren rår til å vente med å prioritere ytterlegare prosjekt til den vidare prosessen med ein nasjonal gjennomføringsplan for skredsikring av alle skredpunkt i kategori høg og middels, som Regjeringa har varsla i Hurdalsplattformen.

Det er grunn til å peike på at med det føreslegne ambisjonsnivået på tunnel, vil det vere langt igjen for å kunne gjennomføre krava i tunneltryggleiksforskrifta for fylkesveg om å sikre desse tunnelane innan 2031. Fylkesdirektøren vil vise til at Vestland har om lag halvparten av alle tunnelar som er omfatta av forskrifta i landet, og at den statlege kompensasjonen for forskrifta er alt for låg til at forskriftskravet kan imøtekommast. Ut i frå ei samla vurdering av behova i fylket, finn fylkesdirektøren ikkje rom for å prioritere tunnelrehabilitering høgare. Grunna høge kostnader på prosjekt som er lyste ut, at det er behov for å vurdere nærare konsekvensane for trafikksituasjonen i Bergensområdet av rehabilitering av trafikktunge tunnelar, vil fylkesdirektøren kome tilbake til ei vidare prioritering av tunnelrehabiliteringsprosjekt.

Det har vore innspel på å omklassifisere nokre vegar til riksvegar. Det er særleg aktuelt å vurdere vegstrekningane fv. 561Kolltveit-Ågotnes ved flytting av godshamn ut av Bergen og Kystvegen. Fylkesdirektøren vil i tråd med fylkestinget sitt vedtak i samband med Regional transportplan kome tilbake med ei sak der det blir vurdert om prioriterte fylkesvegar bør bli oppklassifisert til riksveg.

Det vert fremja eiga sak om søknad om ferjeavløysingsmidlar for Atløysambandet til fylkestinget i juni 2022. Fylkesdirektøren vil kome tilbake til eiga sak om andre ferjeavløysingsprosjekt.

Økonomi:

Saka er ein strategisk sak for bruk av investeringsmidlar innan samferdsel ut i frå dei rammene som fylkestinget har sett. Det er lagt stor vekt på å få mest mogleg veg for pengane.

Klima:

Investeringar innan samferdsel vil kunne bidra til auka klimagassutslepp. Samstundes vil betra vegar og betre tilrettelegging for gåande, syklende og kollektivtrafikk, kunne føre til auka klimagassutslepp.

Konsekvensar for klima må søkjast redusert gjennom planlegging og bygging av kvart prosjekt.

Folkehelse:

Ved val av investeringsportefølje er det lagt vekt på prosjekt som betrar folkehelse gjennom at det legg til rette for mjuke trafikantar, betring av trafikktryggleik og at det førar til betre bumiljø mv.

Konsekvensar for folkehelse må vurderast ved planlegging og bygging av kvart prosjekt

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Saka følgjer opp og byggjer på Regional transportplan 2022-2033 for investeringar innan samferdsel

Konklusjon

Med Regional transportplan 2022-2033 – Investeringar, legg fylkesdirektøren opp til at fylkestinget vedtek den resterande delen av handlingsprogrammet til Regional transportplan. Dokumentet er eit strategisk dokument som legg opp til å fastsetje fordeling av investeringsmidlar mellom ulike føremål, samt å klårgjere kva for prosjekt som kan startast opp i komande økonomiplanperiode 2023-2026, og prosjekt som det skal arbeidast vidare med for mogleg oppstart vidare i planperioden mot 2033. Denne skal gjennomgåast årleg gjennom eit porteføljestyringssystem for å sikre at det er dei rette prosjekt som vert sette i gang.

Det vert lagt opp til årlege rulleringar av handlingsprogrammet til Regional transportplan til fylkestinget i juni. Handlingsprogramma vert fylgt opp gjennom Investeringsprogrammet i dei årlege budsjett- og økonomiplanane.